



NORSK KULTURSKOLERÅD

# Handlingsplan for Norsk kulturskoleråd Vestland 2024 – 2025

Publiseringsdato 27.8.2024

# Innhald

---

<b>INNHALD .....</b>	<b>2</b>
<b>1 INNLEIING.....</b>	<b>3</b>
<b>2 BAKGRUNN OG UTVIKLINGSOMRÅDE.....</b>	<b>4</b>
<b>3 INNSATSOMRÅDE OG TILTAK .....</b>	<b>6</b>
3.1 OVERORDNA MÅL .....	6
3.2 INNSATSOMRÅDE 1 DIGITALITET .....	7
3.3 INNSATSOMRÅDE 2 FORDJUPING.....	8
3.4 INNSATSOMRÅDE 3 MANGFALD.....	9

# 1 Innleiing

---

Norsk kulturskoleråd er ein interesse- og utviklingsorganisasjon som arbeider for å fremme kvalitet i opplæringa innan kunst og kultur for barn, unge og vaksne, med utgangspunkt i dei kommunale kulturskulane.

Norsk kulturskoleråd har ti fylkesavdelingar som bidreg til å operasjonalisere organisasjonen si verksemd regionalt.

Handlingsplanen er eit styringsverktøy for arbeidet i fylkesavdelinga for Vestland.

Til grunn for handlingsplanen ligg erkjenninga av at kommunane står i ei brytingstid, full av moglegheiter og utfordringar. Akselererande endringstakt i samfunnet, demografisk utvikling, digitalisering, behov for auka effektivitet og kvalitet er moment som stimulerer innovasjon, fleksibilitet og samskaping i kommunal sektor.

Sentralt i dette biletet står ideen om kulturskolen som samskapings- og samfunnsutviklingsaktør, kor kulturskolen kombinerer si kjerneverksemd som opplæringsinstitusjon med å skape ny offentleg verdi saman med andre. Ved å tørre å tenke nytt, stille seg disponibel for samskaping og utfordre andre til å gjere det same, kan kulturskolen vere ein viktig aktør i arbeidet med å bygge levande lokalsamfunn og støtte opp under sentrale samfunnsverdier som deltaking, tilhøyring, fellesskap, meistring og kreativitet.

Ved å være ein open og inkluderande arena, kan kulturskolen leve opp til sitt potensial som inkluderande kraft i lokalsamfunnet. Ved å forstå og handtere mangfald som verdiskapande mekanisme, kan kulturskolen vere ein uvurderleg aktør i arbeidet med å forløyse og forene verdiane i det mangfaldige samfunnet.

Norsk kulturskoleråd skal stimulere kommunane til å utforske og gripe moglegheiter for sine kulturskular, slik at dei på best mogleg sett bidreg til å løyse komplekse samfunnsutfordringar og sikre gode oppvekstvilkår i lokalsamfunnet, og – ikkje minst – vert kulturskule for alle.

## 2 Bakgrunn og utviklingsområde

---

### Om fylkesstyra

Fylkesstyra er Norsk kulturskoleråd si utøvande myndigheit i fylka mellom årsmøta. Dei leier verksemda i fylket og iverksett organisasjonen sitt planverk i samarbeid med administrasjonen. Arbeidet tek utgangspunkt i eige fylke, samstundes som utkomme av arbeidet skal forsterke det nasjonale arbeidet. Fylkesstyra arbeider aktivt inn mot politiske og administrative myndigheiter i fylka og tek initiativ i saker som fremmer kulturskuleeigarane sine interesser i fylket.

Fylkesstyra kan fremme saker til hovudstyret via administrasjonen og i tråd med gjeldande vedtekter, instruksar og planverk. Fylkesstyret kan inngå avtaler om samarbeid med institusjonar, organisasjonar og myndigheiter i inn- og utland når dette er naudsynt for verksemda sine mål. Fylkesstyret kan oppnemne underutval, faglege referansegrupper og arbeidsgrupper i samsvar med vedtekne planverk for perioden.

*§3.4.1 vedtektene – vedtektene vert revidert på landstinget i oktober 2024.*

### Om Handlingsplan perioden 2024-2025

Handlingsplan vert vedteken i fylkesstyret og lagt på nettsida.

I tråd med tankesettet for Framtidas kulturskule, vert det samhandling med dei planen er tenkt for. Handlingsplanen er eit dynamisk dokument i fylkesavdelinga sitt arbeid perioden 2024-2025, i den forstand at oppgåver som kjem i perioden med relevans for organisasjonens vedtak og styringsdokument vert handsama innanfor tilgjengelege ressursar. Vedtak på Norsk kulturskoleråd sitt landsting oktober 2024 vert og styrande for handlingsplanen.

### Om utviklingsområda

Utviklingsområda får særleg fokus i styreperioden.

Målet er at Norsk kulturskoleråd både i fylka og nasjonalt får realisert førande dokument og vedtak. Organisasjonen som heile arbeider saman med fylkesavdelingane i operasjonalisering av valt utviklingsområde. Val av utviklingsområde vert gjort på bakgrunn av lokale interesser, tilgjengelege ressursar og organisasjonen sine føringar. Forsking syner, at ein organisasjon handterer eitt maksimalt to utviklingsområde samstundes. Fylkesstyret såg likevel grunn til å sjå tre utviklingsområde i samanheng for synergieffekt. Dei la fram forslag om det til årsmøtet 2023, som vedtok følgjande:

#### Vedtak:

1. Med grunnlag i organisasjonen sine strategiar, vedtak og føringar, vedtek årsmøtet perioden 2023–25 å vektlegge utviklingsområda digitalitet, fordjuping og mangfald.
2. «Fremtidens kulturskule» vert rammeverk for utviklingsarbeidet perioden 2023–25.
3. Fylkesstyret får mandat til endringar i tråd med landstingsvedtak, sentrale føringar frå myndigheitene og samfunnsutviklinga.

### **Om Framtidas kulturskule**

«Framtidas kulturskule» gir rammeverk, tankesett og arbeidsmåtar. I arbeidet med operasjonalisering av utviklingsområde, vil Framtidas kulturskule gi fundamentet. Piloten «Fremtidens kulturskole» vart gjennomført i samarbeid mellom KS og Norsk kulturskoleråd med deltakarar frå ulike kommunar. Sjå: [Fremtidens kulturskole - KS](#).

Hausten 2024 startar regionale program. Vestland si fylkesavdeling melde hausten 2023 på vegne av medlemmene interesse for deltaking.

Framtidas kulturskule er tenkt implementert i utviklingsarbeidet med digitalitet, fordjuping og mangfald. Framtidas kulturskule som metodisk rammeverk kan gje kommunane og kulturskulane eit solid fundament for tenleg samhandling og samskaping i tråd med det Meld. St. 18(2020-2021) oppmodar til.

## 3 Innsatsområde og tiltak

---

### 3.1 Overordna mål

Fylkesstyret vil perioden 2024-2025 på grunnlag av organisasjonen sine vedtak på årsmøte og landsting, arbeide for å realisere planverk, strategiar og Meld. St.18 (2020-2021) i tråd med interessene til medlemmene i Vestland fylke for å synleggjere og vidareutvikle den kommunale kulturskolen som samskapande samfunnsaktør i kommunen.

Fylkesstyret vil i perioden ha eit særleg fokus på samarbeid med Vestland fylkeskommune, KS, Statsforvaltaren i Vestland og frivillige organisasjonar.

### 3.2 Innsatsområde 1 DIGITALITET

#### Tiltak

Utvikle nettstudium innan Profesjonsfagleg digital kompetanse (PfDK) for kulturskulelærarar i samarbeid med Høgskolen på Vestlandet og Norsk kulturskoleråd si digitale avdeling.

Løfte fram ny forskning og kunnskap på det digitale området i samarbeid med UH-sektor og Kulturskolerådet.

Bidra til nettverksbygging og dialog innan det digitale området.

### 3.3 Innsatsområde 2 FORDJUPING

Kulturskolerådet sin strategi «Fordypning med mangfold», ligg til grunn for fylkesavdelinga sitt arbeid i årsmøteperioden. Funksjonsområdet «Veiledning og rammeplanutvikling» vert nært knytt til vidare arbeid med fordjuping. Vidare vil sak løfta til landstinget i Norsk kulturskoleråd, i samarbeid med Norsk kulturskoleråd Nordland, og vedtak i saka vere retningsgjevande for arbeidet.

#### Tiltak

Utarbeiding av sak om fordjuping til Norsk kulturskoleråd sitt landsting 2024, med utgangspunkt i Kulturskolerådet sin strategi og pågåande arbeid med inkluderande kulturskular.

Bidra til prosjektet «De unges festspillforestilling» og «De unges festspilldag» i samarbeid med Festspillene i Bergen og Bergen Dansesenter.

Samhandling med aktørar i Vestland innan arbeid med talent og fordjuping.

Bidra til nettverksbygging og dialog innan området fordjuping.



### 3.4 Innsatsområde 3 MANGFALD

Kulturskolerådet sin strategi mangfold, inkludering og innenforskap, ligg til grunn for fylkesavdelinga sitt arbeid i årsmøteperioden.

#### Tiltak

Ivareta kulturskule for alle i framtidens kulturskule, gjennom utarbeiding av landstingssak til Norsk kulturskoleråd sitt landsting 2024 om forskrifter for kulturskule.

Utarbeiding av sak om skulefritidsordninga (sfo) og kulturskule til Norsk kulturskoleråd sitt landsting 2024, med utgangspunkt i Kulturskolerådet sin strategi og pågåande arbeid med mangfald og inkludering.

Løfte fram ny forskning og kunnskap på området i samarbeid med UH-sektor og kunnskapsklynger.

Bidra til nettverksbygging og dialog innan området mangfald.

Kontaktinformasjon:

Norsk kulturskoleråd Vestland  
Ansvarleg rådgjevar: Kristin Geiring  
Telefon: +47 41570508  
E-post: [kristin.geiring@kulturskoleradet.no](mailto:kristin.geiring@kulturskoleradet.no)

*Framsdebilete: Peter Galambos jr. elev i Sogn kulturskule – Sogndal i Vestland*



NORSK KULTURSKOLERÅD